



Emilie Bringedal vann akvariet. Her sit ho lengst framme. Til venstre dagleg leiar av dyrebutikken Lars Andreassen

Heiter denne akvariefisken guppy eller neontetra?

Dette var eitt av spørsmåla som dei 12 sjuandeklassingane fekk då dei i dag var med i ein akvariekonkurranse i regi av Tropehagen Zoo på Husnes. Det var Emilie Bringedal som vann og ho fekk eit akvarie til ein verdi av over 1200 kroner. Prosjektet har gjeve elevane auka kunnskap om korleis eit akvarie skal driftast og passast på gjennom eit skuleår.

Skulen sitt akvarie vart kjøpt inn for 9 år sidan då Uskedalen hadde dyrebutikk og det har hatt heidersplassen ved inngangen men er kanskje ikkje utnytta i ynskjeleg grad som pedagogisk verkemiddel.

I alle fall ville skuleleiinga utnytta det meir i så måte og tok kontakt med Husnes-butikken som har 'din dyreeksper' som motto og som tok imot kontakten med begeistring. Butikken sendte over bakgrunnstoff og la opp til 2 timers undervisning om bruk, stell og utstyr. I tillegg skulle elevane læra meir om fisketypar, vassmåling og anna.

Undervisningen og konkurransen vart gjennomført i dag og elevane la stort engasjement for dagen.

- Butikken fortener ein stor takk for at dei legg så mykje arbeide og velvilje i samarbeidet med oss, seier rektor Marie Elisabeth Kaldestad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Guppy eller neontetra?